



Notat

Dato: 16.03.2016
Arkivsak: 2015/1935-11
Saksbehandlar: josaksd

Til:	Jan Nordø
Frå:	Jostein Aksdal

Kulturminnefagleg fråsegn til søknad om løyve til å bygga 4 småkraftverk i Vaksdal kommune

Fylkeskonservatoren viser til søknad om bygging av fire småkraftverk i Vaksdal kommune. Tre av kraftverka ligg rett nordaust for Eidslandet inn til Mysterstølane, dette gjeld då Fjellfossen, Steinsdalselvi og Leirofossen kraftverk medan det siste ligg lenger nord i Nonstadgilet. I dalen inn til Mysterstølen er det kjent funn. I våre arkiv er det opplyst å vera:

MYSTER, gnr. 39.

Funnkartet nr. 1. Funnstad for B 9858.

Funnkartet nr. 2. Jakob Neset, bnr. 4.

"Rokallhaugen" skal ha lege på ein sandrygg nede på flata N for Mysterelvi. Ryggen ber nå namnet. Staden verkar ikkje heilt sannsynleg, men det skal vere funne eit sverd i haugen då han vart øydelagd kring 1900.

Funnkartet nr. 3. Funnstad for B 11565.

B 9858 - Yja. tverrtre til båt f. 1 m djupt på det faste gruslaget under myr ca. 100 m NO for tunet på bnr. 4, Jakob Neset. Nr. 1 på funnkartet. Tilv. i U. B. Årbok 1948.

B 11565 - Yja. klebergryte f. i eit søkk i bakken under ei gamal røykstove som vart reven på bnr. 1-2, Askjell Myster. Det stod 20 m V for stova og 10 m inn frå terrassebrotet i V. Her oppe stod det gamle fellestunet. Det såg ut som om gryta stod i ei grue, fylt med kol og oske, og attmed låg nokre kljåsteinar. Nr. 3 på funnkartet.

Tapt - Sverd frå fk. nr. 2.


Fjellfossen kraftverk

I våre arkiv er det ikkje kjent automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet for kraftverket. Tilstøytande anlegg som veg og kabelgrøft kjem så langt me kan sjå ikkje i konflikt med kjende funn. Arkivinformatjonen viser likevel at både innmark og utmarka ved Mysterstølen har potensial for kulturminne.




Nonstadgilet Kraftverk

I våre arkiv er det ikkje kjent automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet for inntak, rørgate og kraftstasjon. Det er heller ikkje kjent fornminne i trase for nettilkopling.



Steinsdalselvi og Leirofossen kraftverk

I våre arkiv er det ikkje kjent automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet for kraftverket. Tilstøtande anlegg som veg og kabelgrøft kjem i følgje søknaden i området der det har vore kjent automatisk freda kulturminne.



Fylkeskonservatoren viser slik til at det vil bli stilt krav om registrering jf. § 9 etter kulturminnelova i samband tiltaket.

Oppsummert:

Fylkeskonservatoren viser til kjente funn og potensial for fleire funn frå førreformatorisk tid. Hordaland fylkeskommune har tidlegare og vist til potensiale og kjente funn i området, seinast i e-post av 12.01.2016. Samla sett vert det stilt krav om arkeologiske granskningar jf. § 9 i kulturminnelova i samband med konsesjon for kraftverka Fjellsdalen, Steinsdalselvi og Leirofossen kraftverk. For kraftverket i Nonstadgilet er det ikkje kjent automatisk freda kulturminne og Fylkeskonservatoren vurderer og potensialet for konflikt som mindre her.

Vedtaks punkt.

I samband med konsesjon og utbygging av småkraftverka Fjellsdalen, Steinsdalselvi og Leirofossen må kulturminneverdiane vera avklart etter kulturminnelova § 9.

Jostein Aksdal